



Anna Hellstrøm

Vår ref.:
23/1333

Saksbeh.:
KVE

Ark.:
PLANID-
2022002182,
PLANNAVN-
Detaljregulering
Sunde
pumpestasjon,
PLANTYPE-35, K2-
L12, GBNR-63/29

Dykkar ref.:

Dato:
16.01.2023

**Oppstartmøte (13.01.2023) - Reguleringsplan for Sunde
avløpsanlegg.
Gbnr. 63/29 mfl. - Reguleringsendring/reguleringsplan**

Tiltakshavar	Sula kommune v/ Agerborg	Telefon:	
Ansvarleg søkar	Asplan Viak v/Anna Hellstrøm	Telefon:	
Plassering	Gnr.: 63	Bnr.: 29	
Prosjekt type	Reguleringsplan – Reguleringsendring		
Tiltaksklasse			
Plan framdrift	Byggestart:	Ferdigstillelse:	

Til stades:

For tiltakshaver	For Sula kommune	Andre
Jørn Agerborg	Per ola Ravnå PBD	
Anna Hellstrøm – Asplan viak	Karina Vestrheim PBO	Ålesund kommune v/ Elin Nerem
Joakim Sletta – Asplan viak		Terje Endresen

Adresse:
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Telefon:
Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh: 70 19 91 17

E-post:
post@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.no

Bankgiro:
4212.23.28079
Skattekonto:
6345 06 15317

Foretaksnr.:
964 980 543

Orientering gitt om:

Gjeldande regulering, vedtekter m.m.

Reguleringsplan for Solavågen ferjekai - 2019001280

Reguleringsplan for Sunde – Leirvåg 1531 10.04 - Reguleringsplan for Sunde – Leirvåg, vedteke 16.5.1980 - 1531 10.04.15 Reguleringsendring for gnr. 63 bnr. 29 del av Sunde- Leirvåg – ny avkjørsel frå Olamyrvegen til Sundevegen - 1531 10.04.03 Reguleringsendring, tilrettelegging for idrettsplass på Olamyra m.m.

Aktuelle søknader om dispensasjon/planendring:

Reguleringsendring

Forhold til naboer, plassering, høgder o.l.

Oppskyllingshøgder – Stormflo – Plassering av pumpestasjonen ut frå slike hensyn

Tilkomst, parkering og krav til uteareal:

E39 Sundevegen har årsdøgntrafikk på 2900 (vegkart.no, 2021). Det ligger snuplass for buss og haldeplass sør for planområdet ved ferjeleiet.

Tiltaket er forholdsvis lite. Det vil være ekstra viktig å ha tett kontakt med grunneigarar med tanke på at grunnverv vil bli nødvendig.

Spesielle forhold:

Ifølge lausmassekartet til NGU består grunnen rundt planområdet av marin strandavsetning med samanhengande dekke, fyllmasse og hav- og fjordavsetning og strandavsetning

Dersom ein etter ei vurdering, i samråd med kommunen, har funne ut at planen som er omfatta av § 3 i forskrift om konsekvensutgreiing ikkje fell inn under kriteri i § 4, skal dette gå fram ved varsel og kunngjering om planoppstart. Vår vurdering er at planen ~~fell~~ ikkje fell inn under krav om konsekvensutgreiing.

Vidare saksgang:

Melding om oppstart

Krav til søknader, gebyr og andre kostnader:

Asplan viak v/ Anna Hellstrøm orienterte om tiltaket og vegen vidare:

Sula og Ålesund kommune starta i 2016 samarbeidet om å sjå på moglegheit for eit felles avløpsreinseanlegg på Kvasnes/Kongshaugstranda i Sula kommune. Nokre av dei eksisterande anlegga skal overførast til det nye anlegget på Kongshaugstranda. Det vil medføre utbetring og eventuelt nybygg av pumpestasjonar. Nokre stadar er tomte allereie regulert til reinseanlegg. Andre stadar må det lagast ny reguleringsplan for å sikre erverv av ny byggetomt for pumpestasjonen.

Formålet med planarbeidet i Sunde er å etablere ny pumpestasjon for overføring av avlaupsvatn til reinseanlegget på Kvasnes. Eksisterande slamavskiljar skal avviklast.

Men først når det nye anlegget er på plass.

Foreslått formål er avløpsanlegg.

Foreslått plassering av ny pumpestasjon er på austsida av Sundevegen (E39), ferjekaia og snuplass for buss. Ny pumpestasjon er tiltenkt plassert mellom Runnane vest og Sundevegen.

Planomrisset bør være stort nok til å få med veg, siktelinjer, tomt for pumpestasjon, snuplass for lastebil ved pumpestasjonen osv.

Asplan viak v/ Joakim Sletta orienterte om ca. 1500 som er tilknytt Sunde i dag. I dag har ein slamavskiljar som bør bli erstatta med god nok reinsing (ny pumpestasjon som fører fram til fullverdig reinseanlegg). Bør vurdere å få lagt den nye pumpestasjonen oppi terrenget pga. havnivåstigning, stormflo og fare for flodbølger. Ein bør vurdere gbnr. 63/29 ev i utkant av Statensvegvesen sitt fergeanlegg Gbnr. 63/3.

Dagens anlegg ligg i regulert veggrunn. Ny pumpestasjon bør ikkje plasseres i regulert veggrunn.

Bør regulere litt ut i sjøen for å sikre stad for landtak og ev. lage ein sjøfront. Solevåg (Sunde) fergekai er nylig bygd om og ein bør tilpasse seg dette og berøre det nye anlegget minst mogleg.

Elin Nerem: I denne prosessen med plassering av pumpestasjon bør ein også tenke HMS i forhold til dei som skal vedlikeholde og etter sjå anlegget. Sjølve bygget bør planleggast stor nok til dei teknisk løysingane som vert valt og plass nok for dei ansatte.

Den nye pumpestasjonen vil ha tilførselsleidingar som skal leggast under bakken. Plassering av disse og endeleg plassering av pumpestasjon må avklarast gjennom planprosessen. Det kan også være nødvendig å sikre stad for landtak og stad for sjø leidingane i reguleringsplanen.

Oppstatmøte/førehandskonferansen er meint som gjensidig orientering og gir ikkje søkar rettar i den vidare sakshandsaminga.

Referat frå oppstartmøte skal leggast ved varsel om planoppstart.

Vidare framdrift: Følgjande framdrift vart avtalt: Dersom forslagsstillar ønskjer fleire møter med kommunen før planen vert fremma, må det gå fram i oversendingsbrevet at planutkastet er midlertidig og at ein ønskjer det ytterlegare be arbeida før planen vert tatt opp til formell behandling.

Dersom forslagsstillar eller interne møtedeltakarar har oppfatta andre signal i møtet må tilbakemelding om dette gjevast innan 2 veker frå mottak av referatet.

Ved alle henvendelsar om denne saka: Bruk saksnr.22/2181 – plan.id:2022002181.

Om e-post vert brukt skal den sendast til: post@sula.kommune.no
Det er forslagsstillar sitt ansvar å følgje med på i kva møte saka vert tatt opp til behandling

Med helsing

Karina Vestrheim
Saksbehandlar, plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Vedlegg:

Dato	Tittel
23.01.2023	Planinitiativ for Sunde pumpestasjon
09.02.2023	Planavgrensning Sunde
23.01.2023	Adr. liste 2021 word 10.05.2021 SULA KOMMUNE
23.01.2023	Føresegner til arealplanen
09.02.2023	Fast innhold - referat - Oppstart av planarbeid-09.02.2023